



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	06.04.2017
Tid:	16:30 – 20:30

Medlemmer som møtte:

Svein Gjelseth	Medlem	AP
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Runar Stave	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Leiv Aarflot	Medlem	AP
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	KRF
Edel Kvalsund Goksøyr	Medlem	KRF
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Bjørn Otterlei	Medlem	H
Idar Kjell Tarberg	Medlem	H
Sigurd Voldsund Nygard	Medlem	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	Medlem	H
Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK
Kaja Runde	Medlem	FOLK

Forfall:

Rakel Anett Gjelseth	MEDL	AP
Camilla Storøy	NESTL	KRF
Henry Jøsokbakke	MEDL	V
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	MEDL	H
Stig Arne Helsem Sævik	MEDL	H
Marthe Vågsholm Sævik	MEDL	H
Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP
Kjell Runde	MEDL	FOLK
Frank Roy Moltu	MEDL	FOLK

Varamedlemer som møte:

Egil Kjell Leikanger	Rakel Anett Gjelseth	AP
Mona Grethe Ryssevik	Camilla Storøy	KRF
Karl Petter Sortehaug	Henry Jøsokbakke	V
Jan Arve Drabløs	Ann-Kathrin (Tine) Storøy	H
Oddmund Voldsund	Stig Arne Helsem Sævik	H
Terje Krogset	Marthe Vågsholm Sævik	H
Knut Johan Voldsund	Dag Kåre Nærø	FRP
Kjetil Kvalsvik	Thor-Sigmund Garvik	FRP

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Lisbeth Moltu Espeseth

Til stades 22 medlemer og 8 varamedlemer – tilsaman 30 representantar, 3 mindre enn fulltallig. Ingen hadde merknader til kommunestyret si samansetning.

Ole Brubakk vart vald som settevaraordførar.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiaren vart desse valde:
Hilde Marie Brungot og Linn Therese H. Sævik

Margareth Leinebø fekk permisjon frå kl. 17:20 til kl. 18:15 under handsaming av K-sak 36/17.
Leiv Aarflot fekk permisjon frå kl. 19:00 under handsaming av K-sak 37/17.
Bjarne Kvalsvik fekk permisjon frå kl. 20:20 etter handsaming av K-sak 42/17.

Skriv delt ut i møte:

- Planstrategi Herøy kommune 2016 - 2020

underskrifter

Linn Therese Hansen Sævik

Arnulf Goksøyr
ordførar

Hilde Marie Brungot

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 29/17	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 30/17	Protokoll frå førre møte.
PS 31/17	Delegerte saker
PS 32/17	Referatsaker
PS 33/17	Ordførarens kvarter
PS 34/17	Årsplan 2017
PS 35/17	Skatterekneskapen 2016
PS 36/17	Kommunereform. Herøy og Sande.
PS 37/17	Endeleg plassering av pumpestasjon på Almenningen
PS 38/17	Reguleringsendring for Aspevika - Slutthandsaming
PS 39/17	Detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka - slutthandsaming
PS 40/17	Gnr 60 Bnr 454 - Avtale om vegrett over kommunal grunn
PS 41/17	Gnr 15 Bnr 3 - Førespurnad om kjøp av eigedom
PS 42/17	Utgreiing av ny lokalisering for Herøy vidaregåande skule
PS 43/17	Interkommunal kystzoneplan for ytre søre Sunnmøre - oppstart av planarbeid

Delegerte saker frå avdelingane

DS 79/17	Ferdigattest 80/15
DS 80/17	Ferdigattest bruksendring 3/71
DS 81/17	Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS - 34/123 - Nedgravd avfallsløysing
DS 82/17	Coop Marked Tjørvåg - 54/72 - tilbygg 15m2
DS 83/17	Dragsund Verkstedbygg as - 45/184 - Endring +IG2
DS 84/17	Henry Berge - 34/36 - tilbygg garasje med takterrasse
DS 85/17	Thomas Dybvik Seljeseth - 34/368+369 - Tilbygg garasje
DS 86/17	Ferdigattest 46/88 seksjon 1 og 2
DS 87/17	Jonas Balkevicius - 34/245 - Rehabilitering skorstein
DS 88/17	Terje Voldsund - 13/10 - Riving av bustadhus
DS 89/17	Søknad om ferdigattest
DS 90/17	Ferdigattest garasje - 17/15
DS 91/17	Gullik Kjellstadli - 29/74 - Garasje
DS 92/17	Ferdigattest 80/30 seksjon nr og 2
DS 93/17	Mellombels bruksløyve - 26/164 - Einebustad
DS 94/17	Ørjan Gjelseth - 34/87 og 94 - Innreiing av loft
DS 95/17	Per Christian Siem - 87/6- Igangsettingsløyve
DS 96/17	Geir Fritz Myklebust - 31/188 seksjon nr 3 - Fasadeendring
DS 97/17	Liv Lillebø Dahl - 10/22- tilbygg
DS 98/17	Mellombels bruksløyve - seksjon nr 2 og 14 - bustadblokk 31/189
DS 99/17	Sputnik as - 59/48 og 68 - Igangsettingsløyve 2

Referatsaker

RS 10/17	Behov for ekstra ressursar
RS 11/17	Prosjektstyring - tilbakemelding til kommunestyret

PS 29/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 30/17 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 31/17 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 32/17 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 33/17 ORDFØRARENS KVARTER

Møtebehandling:

Ordføraren orienterte om:

- Fosnavåg hamn
- Møte med Møre og Romsdal fylkeskommune om Nerlandsøy bru

PS 34/17 ÅRSPLAN 2017

Møtebehandling:

Reidun Myrvågnes (Ap) kom med slikt oversendingsframlegg til formannskapet:

«Kommunestyret er bekymra for ressursituasjonen i skulen.

Oppvekstsjefen bad om ressursar til skulen for å kunne prioritere leiing. Vi sa nei til alle gode forslag under budsjettarbeid.

Med tilrådinga i sak 34/17 pålegg vi skulen og leiinga der meirarbeid i høve 10-faktor medarbeidarundersøkinga, derfor ber vi om at formannskapet får ei klargjering av ressursituasjonen i skulen.»

Oversendingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.04.2017

1. Kommunestyret godkjenner årsplanen for 2017 slik han ligg føre.
2. Kommunestyret ber om at budsjetttrundskrivet vert lagt fram for formannskapet innan utgangen av mai.
3. Kommunestyret er klar over at arbeidssituasjonen er krevjande i ein del avdelingar og at framdrifta av ein del saker er avhengig av kva for personalressursar som vert stilt til disposisjon

PS 35/17 SKATTEREKNESKAPEN 2016

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.04.2017

Herøy kommunestyre tek skatterekneskapen 2016 til vitande.

PS 36/17 KOMMUNEREFORM. HERØY OG SANDE.

Møtebehandling:

Hilde Marie Brungot (H) kom med slikt framlegg:

«Herøy kommune går inn for kommunesamanslåing med Sande kommune.»

Ole Brubakk (Krf) kom med slikt framlegg:

«Herøy kommune vert framleis ståande åleine.»

Det vart halde gruppemøte.

Framlegget frå Hilde Marie Brungot (H) fekk 10 røyster
Framlegget frå Ole Brubakk (Krf) fekk 20 røyster

Vedtak i Kommunestyret - 06.04.2017

Herøy kommune vert framleis ståande åleine.

PS 37/17 ENDELEG PLASSERING AV PUMPESTASJON PÅ ALMENNINGEN

Møtebehandling:

Linn Therese H. Sævik (Krf) kom med slikt framlegg:

«Saka vert utsett.
Saka vert vurdert i samband med budsjettet for 2018.»

Svein Gjelseth (Ap) kom med slikt framlegg:

- «1. Kommunestyret bed administrasjonen utgreie og kostnadsrekne heving av Almenningkaia til eit framtidig høveleg nivå (på linje med kaia ved hotellet).
2. Installasjonane i samband med pumpehuset vert liggande der dei ligg i dag og fjernstyrt.
3. Kostnadane vert søkt innarbeidd i 2018-budsjettet.»

Det vart halde gruppemøte.

Arnulf Goksøyr (H) kom med slikt framlegg:

1. Herøy kommunestyre vedtek plassering av pumpestasjon som vist i konsulentrapport datert 17.02.2017.
Pumpestasjonen vert flytta til det vestlege hjørnet av kaia.
2. Flyttinga vert finansiert ved byutviklingsmidlar.
3. Herøy kommunestyre ber administrasjonen utarbeide løysning for overbygg på pumpestasjonen i moderne design og skal innehalde ei god renovasjonsløysing.
4. Kommunestyret ber administrasjonen om å utgreie heving av kai og kome med forslag til endeleg totalløysing for Almenningkaia med finansiering i 2018.

Svein Gjelseth (Ap) endra pkt. 3 i sitt framlegg til:

«3. Kostnadane vert å finansiere med byutviklingsmidlar.»

Linn Th. H. Sævik (Krf) trekte sitt framlegg.

Formannskapet si tilråding fekk ingen røyster.
Framlegget frå Svein Gjelseth (Ap) fekk 6 røyster.
Framlegget frå Arnulf Goksøyr (H) fekk 23 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 06.04.2017

1. Herøy kommunestyre vedtek plassering av pumpestasjon som vist i konsulentrapport datert 17.02.2017.
Pumpestasjonen vert flytta til det vestlege hjørnet av kaia.
2. Flyttinga vert finansiert ved byutviklingsmidlar.
3. Herøy kommunestyre ber administrasjonen utarbeide løysning for overbygg på pumpestasjonen i moderne design og skal innehalde ei god renovasjonsløysing.
4. Kommunestyret ber administrasjonen om å utgreie heving av kai og kome med forslag til endeleg totalløysing for Almenningsskaia med finansiering i 2018.

PS 38/17 REGULERINGSENDRING FOR ASPEVIKA - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.04.2017

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *reguleringsendring for Aspevika gnr. 50 bnr. 4 mfl.* datert 28.11.2016 og føresegn datert 14.03.2017.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

PS 39/17 DETALJREGULERINGSPLAN FOR GJERTNESMARKA - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.04.2017

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka* datert 13.03.2017 og føresegn datert 13.03.2017.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

PS 40/17 GNR 60 BNR 454 - AVTALE OM VEGRETT OVER KOMMUNAL GRUNN

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.04.2017

Herøy kommunestyre gir bruksrett over gnr 60 bnr 454 for etablering av felles privat veg for eigedomane 60/180 m.fl og 60/118 på dei vilkår som det går fram av saksutgreiinga og som vist på kartskisse 03.02.2017.

Fleire eigedomar i same område kan slutte seg til *Avtale om bruksrett* dersom ein finn det hensiktsmessig og i tråd med gjeldande reguleringsplanar.

PS 41/17 GNR 15 BNR 3 - FØRESPURNAD OM KJØP AV EIGEDOM

Møtebehandling:

Bjørn Otterlei (H) kom med slikt framlegg:

1. Herøy kommunestyre vedtek å lyse ut gnr. 15/3 for sal som tilleggsjord.
2. Kommunestyret bed administrasjonen å få taksert eigedomen før den vert lyst ut.
3. Forutsett at det vert bod på eigedomen tilsvarande taksten eller eit høgare bod, vert eigedomen solgt.
4. Ordføraren får fullmakt til å signere avtale med kjøpar.»

Framlegget frå Bjørn Otterlei (H) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 06.04.2017

1. Herøy kommunestyre vedtek å lyse ut gnr. 15/3 for sal som tilleggsjord.
2. Kommunestyret bed administrasjonen å få taksert eigedomen før den vert lyst ut.
3. Forutsett at det vert bod på eigedomen tilsvarande taksten eller eit høgare bod, vert eigedomen solgt.
4. Ordføraren får fullmakt til å signere avtale med kjøpar.

PS 42/17 UTGREIING AV NY LOKALISERING FOR HERØY VIDAREGÅANDE SKULE

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart vedteken mot 2 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 06.04.2017

Kommunestyret i Herøy inviterer Møre og Romsdal fylkeskommune til samarbeid om å greie ut forskottering og relokalisering av Herøy vidaregåande skule til Fosnavåg sentrum.

PS 43/17 INTERKOMMUNAL KYSTSONEPLAN FOR YTRE SØRE SUNNMØRE - OPPSTART AV PLANARBEID

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 06.04.2017

Herøy kommunestyre vedtek å starte opp interkommunalt plansamarbeid for etablering av felles kystsonoplan for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven kommune.

Organisering av planarbeidet vert som skissert i saksutgreiinga med felles styre der kommunane har to representantar kvar.

Styret får herved delegert mynde til å gjennomføre planarbeidet i tråd med plan- og bygningslova sine reglar, herunder utarbeiding av planprogram, stadfesting av planprogram, opplegg for konsekvensutgreiing og medverknad, vedta og opprette utval eller innhente konsulentbistand og vedta korleis kommunikasjonen mellom *Styret* og kommunestyra skal vere.

Kommunestyret beheld mynde til å vedta oppstart jf. pbl § 11-12, vedta høyring av planforslag jf. pbl § 11-14 og vedtak av plan jf. pbl § 11-15

Herøy kommune skal vere vertskommune for prosjektet og det er forutsett at prosjektleiar skal ha kontor på Runde miljøsententer

Kostnaden med planarbeidet er pr. kommune stipulert til 144 000 kroner og vert finansiert ved bruk av driftsfond slik :

19400/50*/301 – opp kr 144.000,-

13700/50*/301 – opp kr 144.000,-

MØTET SLUTT KL. 20:30